

## Referat FAU-møte 13. mars 2024

*Til stades:*

*Ingrid Underhaug Nielsen*

*Helene Hognestad*

*Jorunn Erga Steinsland*

*Oddny Dubland*

*John Sægrov Holm*

*Kristian Hognestad*

*Tommy Hognestad Liland*

*Ingveig Nærland Ødegård (rektor)*

### **35. Innspel skulebruksplanen**

FAU må gi eit innspel til skulebruksplanen som er på høyring nå.

Kristian oppdaga at kommunen hadde oppgitt feil fakta i hovuddokumentet og sendt ut feil dokument i vedlegga. Han kontakta kommunen, og dette vart retta opp, både i skulebruksplanen og i vedlagde dokument.

Dette skal me gi innspel på:

- Rettleiande skulekrinsar og fritt skuleval
- Framtidig skulestruktur

#### **Skulekrinsar:**

FAU ønskjer rettleiande skulekrinsgrenser i Time kommune og fritt skuleval før 1. og 8. trinn, men meiner faste skulekrinsgrenser kan vurderast for ungdomsskulane på Bryne. Dersom faste skulekrinsgrenser blir vurdert også for barneskulane, ønskjer FAU ved Hognestad skule at ei utviding av krinsgrensene til Hognestad skule skal sjås på.

#### **Framtidig skulestruktur:**

FAU har laga eit eige innspel til skulebruksplanen. (Sjå vedlegg)

### **36. Innspel på overgangsplan**

Fau meiner overgangsplanen ser bra ut.

### **37. Mobilfri skule på Hognestad**

Nye føringar gjer at skulen har hatt ein ny runde på reglar for mobilbruk på skulen. Elevrådet vil ha det strengt. Dilemmaet er smartklokkene som dei yngste elevane har. Føringane seier at både mobil og smartklokker skal liggja heime eller på tilvist plass i løpet av skuledagen. Tilvist plass kan vera skulesekken og då har ikkje læraren ansvaret for mobilen.

Skulemodus er ikkje lenger godt nok.

Sanksjonar: Mobil og klokke kan bli inndrege og foreldre må henta etter skuleslutt.

### **38. Sterk og klar – prosjekt**

Prosjekt for 7. trinn som handlar om førebygging av rus. Opplegget er retta mot foreldre. Dette blir aktuelt våren 2025.

### **39. Sklie på ny haug ved hallen**

FAU ønskjer at kommunen tek alt rundt montering og området elles, medan FAU og elevrådet stiller med midlar til sjølve sklia. Firmaet Compan leverer sklia.

FAU må vurderer måtar å få inn noko ekstra pengar på. Kanskje kan me ha ein ekstra aktivitet på 17. mai.

Ingveig høyrer på om me kan få fakturaen på sklia til hausten. Sklia kostar 50.000 kroner.

### **40. Anna**

Foreldremøtet 13. mars fungerte veldig bra. Bra med gruppesamtalar.

Ref. Jorunn Erga Steinsland